

VÅGÅ KOMMUNE  
Edvard Storms vei 2  
2680 VÅGÅ

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 12/06058-60	12.07.2024
	Ark.: 326.12	

### Oppstart av namnesak 2024/203 – Søre Åi/Søre Åe mfl. – Vågå kommune

I samband med namnsetjing av eit nytt verneområde i Vågå kommune, har Språkrådet teke opp namnesak for stadnamna *Nordre Åi/Åe* og *Søre Åi/Åe*, jf. brev datert 03.11.2023. Kartverket nyttar samstundes høvet til å reisa namnesak for dei andre stadnamna i kommunen som har skrivemåten *-åi* og *-grovi* i Sentralt Stadnamnregister (SSR). Saka vert teken opp for å få formalisert rett skrivemåte for offentleg bruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. I tillegg til primærnamna tek me avleidde namn med i saka, jf. § 8 siste ledd i forskrift om stadnamn.

Det går fram av den vedlagde lista kva for namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: [www.norgeskart.no/ssr/](http://www.norgeskart.no/ssr/). Somme bruksnamn står berre i matrikkelen og kan søkjast opp i <https://seeiendom.kartverket.no> Søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen.

#### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og statlege anlegg. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre bruk dette gjeld. **Me bed Lesja kommune, som får ein kopi av dette brevet, om å kunngjera saka for aktuelle høyringspartar lokalt og koma med høyringssvar for namnet *Krokåi*, som ligg delvis i kommunen.**

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

#### Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må

■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

difor setja på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

### **Bruksnamn**

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

### **Vidare saksgang**

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottek brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Erlend Trones  
stadnamnansvarleg

Øystein Jåstad  
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi SPRÅKRÅDET  
LESJA KOMMUNE

Vedlegg: Namneliste til høyring i sak 2024-203 – Vågå kommune

Kopi SPRÅKRÅDET  
LESJA KOMMUNE